

## **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016**

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016**

**Eigedomsavdelinga ved Lise McMullin og Dag Aabrekk** orienterte om brannrutinar på fylkeshuset, og medlemane fekk prøvd seg på evakueringsstolen. Det vart avtalt å ha ein brannøving på neste rådsmøte.

**Skyss ved Målfrid Vik Sørstabø og Marthe Svellingen Pedersen** orienterte om endringar i skuleskyssordninga.

**Inge Fiskvik, FFO**, stilte spørsmål om svar angåande tidlegare førespurnad til samferdselsavdelinga om Skyss-app og tilgjengelegheit for synshemma. Administrasjonen svarte at førespurnad var sendt inn, men ikkje noko svar var motteke.

**Inge Fiskvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Administrasjonen følgjer opp svar. Saka vert teke opp på neste rådsmøte som politisk sak.»

#### **Røysting**

Fiskvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Administrasjonen følgjer opp svar. Saka vert teke opp på neste rådsmøte som politisk sak.

**Inge Fiskvik, FFO**, stilte spørsmål om Hordaland fylkeskommune si søknad om midlar til utvida TT-ordning.

**Kjell Håland, A**, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne understrekar overfor samferdselsavdelinga i fylkeskommunen at rådet må inn i bilete tidlegare ved ein eventuell neste søknadsprosess.»

#### **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne understrekar overfor samferdselsavdelinga i fylkeskommunen at rådet må inn i bilete tidlegare ved ein eventuell neste søknadsprosess.

**Inge Fiskvik, FFO**, påpeikar at voice-over ikkje fungerer for epolitkar-appen og stillar spørsmål til kva vurderingar Hordaland fylkeskommune har gjort ved introduksjon av eit system som tydeleg ikkje er universelt tilgjengeleg (for blinde).

**Inge Fiskvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om å få informasjon om kva vurderingar som er gjort i samband med universell utforming ved anskaffing av appen epolitkar.»

#### **Røysting**

Fiskvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om å få informasjon om kva vurderingar som er gjort i samband med universell utforming ved anskaffing av appen epolitkar.

**Nina Murberg, FFO**, tek opp ei sak om dysleksivenleg skule som har vore handsama i Bergen kommune.

**Nina Murberg, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland tek opp saka.»

**Kjell Søvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland kjem med innspel til det kommunale rådet i Bergen at dysleksivenlege skular er ei sak dei bør sjå nærrare på.»

**Murberg** trakk forslaget sitt.

**Kjell Håland, A**, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om ei orientering om kva forholda i vidaregåande skule er når det gjeld dysleksivenleg skular.»

### Røysting

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland kjem med innspel til det kommunale rådet i Bergen at dysleksivenlege skular er ei sak dei bør sjå nærrare på.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om ei orientering om kva forholda i vidaregåande skule er når det gjeld dysleksivenleg skular.